



Protokoll

Føremål: Drøftingsmøte vedrørende utkast til endra organisering AAM
Møtetid: 08.02.2024 kl. 1000
Stad: Møterom 4, FSS
Referent: Arne Skjelten
Møteleiar: Arve Varden

| Deltakarar | | | |
|----------------------|-------------|---------------------|------------|
| Namn | Tittel | Eining | Ikkje møtt |
| Arve Varden | Adm.Dir. | Administrasjonen | |
| Arne Skjelten | HR-direktør | HR | |
| Terje Ulvedal | Komm.sjef | Kommunikasjon | |
| Børge Tvedt | Klin.Dir | PHV | |
| Unn Hege Johannessen | FTV | Akademikerforbundet | X |
| Randi Rambjørg | FTV | Delta | |
| Randi Aven | FTV | Fagforbundet | |
| Berit Hornnes | FHVO | Vernetenesta | |
| Rita Trælnes | HVO | Vernetenesta | X |
| Marit Kjøllesdal | FTV | NFF | X |
| Lena Thorsnes | FTV | NSF | |
| Gro Christensen | FTV | NRF | X |
| Hilde Stegane | FTV | FO | X |
| Hilde Hole | FTV | NETF | X |
| Eivind Standenes | FTV | DNMF | |
| Tarjei Nyhammer | FTV | DNLF - YLF | |
| Laila Hafstad | FTV | DNJ | X |
| Clarence Johnpilai | FTV | DNLF - OF | |
| Stig Magne Solstad | FTV | NPF | X |
| Gunn Karoline Fugle | FTV | Utdanningsforbundet | X |
| Ida Hallstensen | FTV | NITO | X |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |



Protokoll

Helse Førde viser til vedlagte utkast til styresak «Mellombels omorganisering av avdeling for akuttmedisin, prosess for å greie ut endra organisering og tiltak som kan gi varig endring».

FORSLAG TIL VEDTAK I STYRESAKA

1. For å sikre at alle tilsette i avdeling for akuttmedisin (AAM) har eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, og for å ivareta kvalitet og pasienttryggleik, sluttar styret seg til administrerande direktør sitt forslag til mellombels omorganisering av avdeling for akuttmedisin, jf. punkt 6.0 i saksutgreiinga.
2. Styret støtter forslag til prosess for å vurdere framtidig organisering av tenesta som i dag er i AAM, jf. punkt 6.0 i saksutgreiinga.
3. Styret ber administrerande direktør iverksette pkt. 1 i forslag til vedtak snarast mogeleg.
4. Styret ber administrerande direktør halde styret orientert om saka.

1.0 Bakgrunn

Det har over lengre tid vore utfordringar knytt til arbeidsmiljøet i avdeling for akuttmedisin (AAM). For å prøve og løyse utfordringane blei det som eit strakstiltak i 2022 vedteke at seksjon legar vart løfta ut av avdelinga.

Det er usemje om i kva grad tiltaket som vart sett i verk i 2022 har fungert, og situasjonen no er slik at måten tenesta er organisert på kan medføre fare for kvalitet og pasienttryggleik.

Administrerande direktør meiner også situasjonen er slik at det ikkje er forsvarleg arbeidsmiljø for dei involverte. Det inneber at det er nødvendig å sette inn tiltak for igjen å kunne oppnå eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Intern gjennomgang gjort av klinikkdirektør Børge Tvedt og HR-avdelinga, på vegner av administrerande direktør, (AD), med dei involverte, har avdekka at arbeidsgjevar må gjennomføre tiltak for å sikre at alle tilsette har eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Det blir her vist til krava i arbeidsmiljølova om at arbeidsgjevar har ansvar for at arbeidsmiljøet for alle tilsette i føretaket til ei kvar tid er fullt forsvarleg. Dette følgjer av arbeidsmiljølova



§§ 4-1 og 4-3, jf. § 2-1.

2.0 Prosess

Oversikt over dialog og informasjon som er gjennomført etter at rapporten vart lagt fram og plan vidare fram til styrehandsaming, jf. tabellen under:

| Dato | Tiltak | Møte med |
|------------------|--|---|
| 18. januar 2024 | AD mottok rapport | |
| 19. januar 2024 | Rapport oversendt involverte | |
| 22. januar 2024 | Møte | Involverte leiarar |
| 22. januar 2024 | Informasjonsmøte | Føretakstillitsvalde og hovudverneombod |
| 22. januar 2024 | Informasjonsmøte | Avdelingsjefane i kirurgisk klinikk, seksjonsleiarane i AAM inkludert seksjonsleiar for legane i AAM og til slutt møte med legane i AAM |
| 24. januar 2024 | Informasjonsmøte | Alle tilsette og seksjonsleiarar operasjon, intensiv, anestesi, dagkirurgi og sterilsentralen |
| 29. januar 2024 | Informasjonsmøte | Ambulanseseksjonen og AMK |
| 31. januar 2024 | Dialogmøte | Føretakstillitsvalde og hovudverneombod |
| 5. februar 2024 | ROS analyse | |
| 7. februar 2024 | Orientering til føretaksleiinga og leiarar | |
| 7. februar 2024 | Orientering | Føretakstillitsvalde og hovudverneombod |
| 8. februar 2024 | Drøfting | Føretakstillitsvalde og hovudverneombod |
| 8. februar 2024 | Behandling | Arbeidsmiljøutvalet |
| 9. februar 2024 | Orientering | AD orienterer føretakstillitsvalde og hovudverneombod om si anbefaling til styret |
| 9. februar 2024 | Orientering | AD oversender sak om midlertidig omorganisering av AAM og prosess for førebels organisering av AAM til styret for tilslutning |
| 14. februar 2024 | Behandling | Styret i Helse Førde får saka til behandling |

Alle involverte partar har undervegs i prosessen jamleg signalisert til AD at det er presserande, pga. situasjonen ein er i, at rapporten og AD si oppfølging av rapporten ikkje



dreg ut i tid. Det var difor avtalt i starten av januar, mellom AD og partane, at AD skulle legge fram sitt forslag til oppfølging av konklusjonane i rapporten måndag 22.01.24.

I informasjonsmøta AD har gjennomført, har AD understreka at ein ikkje tek stilling til kven som måtte ha rett eller ikkje, men at ein er i ein situasjon som krev tiltak. AD har lagt vekt på at verksemda har plikt til å sikre at alle tilsette har eit fullt ut forsvarleg arbeidsmiljø. I tillegg er det understreka at det ligg til leiinga å iverksette tiltak for å sikre at kvalitet og pasienttryggleik blir ivareteke.

AD har òg vore open på at endra organisering nødvendigvis ikkje løyser kjernen i saka, men meiner likevel at mellombels endra organisering er eit nødvendig første skritt på vegen, og nødvendig for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø og i tillegg sikre kvalitet og pasienttryggleik.

AD er førebudd på at andre tiltak kan vere nødvendige for å gi varig endring, og vil fortløpande vurdere om og når det behov for å sette i verk ytterlegare tiltak for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Til sist har AD vore open på at det kan vere innspel til tiltak som vil bli vurdert før endeleg avgjerd. AD har difor i alle møta understreka at tilrådingane som blei lagt fram, kan bli justerte før endeleg avgjerd .

3.0 Styrehandsaming

Det ligg til administrerande direktør å organisere tenestene internt i Helse Førde, jf. instruks for administrerande direktør. På grunn av saka sin kompleksitet og konfliktnivået, ønskjer administrerande direktør å legge saka fram for styret.

4.0 ROS-analyse

Administrerande direktør har utarbeidd ein ROS-analyse. AD har òg oppdatert ROS-analysen med område som er relevante for Nye Førde sjukehus. Det er fire risikoområde som er kategoriserte som moglege raude. AD legg til grunn at dei tiltaka som blir del av det vidare arbeidet, vil bidra til å redusere risiko. AD vurderer og risikoen som akseptabel. ROS-analysen ligg vedlagt saka.



5.0 Oppsummering

Administrerende direktør har fått konstruktive tilbakemeldingar etter at framlegga vart lanserte den 22.01.24. AD har tatt omsyn til nokre av innspela som har kome fram gjennom prosessen. Desse er ivaretatt i det som blir lag til grunn i saka:

1. Den konstituerte avdelingssjefen vil rapportere rett til AD.
2. AD har tatt omsyn til innspel om å nytte ekstern ressurs som konstituert avdelingssjef for avdeling for AIO. AD har gjennom dialog med Helse Bergen fått bistand for utlån av deira leiar for avdeling for akuttmedisin, i første omgang for tre månader.
3. AD har tatt omsyn til innspel om at det som i dag ligg i AAM Lærdal og i AAM Nordfjord framleis bør vere ein del av AIO-avdelingane.
4. I tillegg til deltaking av ein representant frå dei tilsette, ønskjer AD å legge til rette for at dei tillitsvalte også vel ein tillitsvalt til prosjektet som skal arbeide med framtidig organisering.
5. Forslaget om at AIO-avdelingane i den vidare prosessen kan bli lagt til medisinsk klinikk og at avdeling prehospitale tenester og AMK blir lag til kirurgisk klinikk (dvs. alt C), har ikkje fått støtte.

6.0 Konklusjon

Administrerende direktør legg fram eit forslag som skal bidra til eit forsvarleg arbeidsmiljø (jf. aml. §§ 4-1 og 4-3):

1. Administrerende direktør tilrår, som eit mellombels tiltak, å dele avdeling for akuttmedisin i ei prehospital avdeling og ei hospital avdeling. Namn på dei to avdelingane blir avdeling prehospitale tenester og AMK og avdeling for anestesi, intensiv, operasjon, dagkirurgi og sterilsentralen (AIO).

Med dette tiltaket meiner administrerende direktør at Helse Førde mellombels legg til rette for at alle partar får eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. I tillegg meiner administrerende direktør at tiltaka bidrar til god kvalitet og pasienttryggleik.

Administrerende direktør sitt forslag om midlertidig organisering er

- A)
- Avdeling prehospitale tenester og AMK skal vere samansett av
 - AMK
 - Ambulansetenesta

og blir leia av avdelingssjef som i dag. Avdelinga rapporterer til direktør i kirurgisk



klinikk.

B) Avdeling for anestesi, intensiv, operasjon, dagkirurgi og sterilsentralen (AIO) skal vere samansett av

- Seksjon legar
 - Medisinsk leiar LA Førde
 - Medisinsk leiar LA Florø
- Seksjon intensiv
- Seksjon anestesi
- Seksjon operasjon
- Seksjon dagkirurgi
- Seksjon sterilsentralen
- AAM Lærdal
- AAM Nordfjord

Administrerende direktør vil konstituere utlånt ressurs frå Helse Bergen som avdelingssjef for AIO-avdelingane i Helse Førde i tre månader. Vedkommande er i dag avdelingssjef for avdeling for akuttmedisin i Helse Bergen.

Administrerende direktør legg til grunn at avdelingssjefen for AIO-avdelingane skal rapportere til administrerende direktør så lenge det mellombelse tiltaket varer.

2. Administrerende direktør vil iverksette eit prosjekt for å sjå på heile organiseringa av tenesta som i dag er organisert i AAM. Gjennomgang av dei andre helseføretaka viser at dei fleste føretaka organiserer den prehospitale verksemda annleis enn kva vi har gjort i Helse Førde. Dei aller fleste føretaka har prehospital verksemd organisert i ein eigen klinikk og ikkje som ein del av ei avdeling i kirurgisk klinikk.

Administrerende direktør ønskjer, med bakgrunn i dette å vurdere korleis Helse Førde bør organisere den prehospitale tenesta. Det vil vere naturleg at vi òg vurderer heile tenesta som i dag er organisert i AAM. Eit siste moment for ein gjennomgang er at dagens AAM er ei svært stor avdeling samanlikna med dei andre avdelingane i Helse Førde. Ambulansetenesta, som i dag er ein seksjon i Helse Førde, er større enn dei aller fleste avdelingane i føretaket.

Berre medisinsk avdeling av dei andre avdelingane i Helse Førde har om lag same storleik som ambulanseseksjonen.

Administrerende direktør vurderer at følgjande modellar **kan** vere aktuelle ved ei endra organisering



- a. Ein modell à la det ein har ved Sykehuset Telemark, dvs. ein eigen klinikk for «Akutt- og beredskapsklinikken».
- b. Ein modell à la det ein har ved Helgelandssykehuset, dvs. ein «Prehospital klinikk» og ein «Akuttmedisinsk klinikk».
- c. Eit anna alternativ

Administrerande direktør vil òg, som del av prosjektet, vurdere vår eiga organisering av tenesta som er organisert i noverande AAM. AD ser for seg å leie dette arbeidet sjølv. Prosjektet vil bli organisert med deltaking frå:

- Fagdirektør Asle Kjørlaus
- Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven
- Klinikkdirktør Hanne Klausen, kirurgisk serviceklinikk, Helse Bergen,
- Rådgevar Paul Hellandsvik
- 1 representant frå dei tilsette
- 1 tillitsvald
- 1 VO

Målsetjinga er at arbeidet skal vere ferdig før påske i år.

Framlegg til vedtak

- Helse Førde legg frem vedlagde utkast til styresak, med innspel frå tv/vo, til styrebehandling 14.02.24.

Innspel frå tillitsvalte / verneombod

- FTV/FHVO ser at det er naudsynt at det vert sett i verk midlertidig tiltak for å ivareta eit forsvarleg arbeidsmiljø for tilsette i AAM. FTV/FHVO ser at det kan skape nye utfordringar med å dele opp avdelinga, og at arbeidsgjevar må vere svært merksam slik at det ikkje oppstår nye brot på AML som følge av omorganiseringa.
- FTV/FHVO ser at innspel som er komne fram i dialogmøte og innspel frå tilsette er imøtekomne, og meiner at det har vore ein god prosess som har ført til framlegget som no er lagt fram
- Vi veit alle at omorganisering skaper uro i ein organisasjon. Etter vårt syn bør ein endre det som er naudsynt, men minst mogeleg i ei midlertidig løysing.
- FTV/FHVO ber om at arbeidsgjevar må informere og involvere tilsette på ein slik måte at alle vert høyrde og ivaretatt i den midlertidige og framtidige organisering. Vi ser det som viktig at tillitsvalde og verneombod vert involvert i arbeidet med å jobbe med ein ROS-analyse.



Vedtak

- Helse Førde legg frem vedlagde utkast til styresak, med innspel frå tv/vo, til styrebehandling 14.02.24.

Partane er samde om at drøftinga har vore gjennomført i henhold til intensjonar om samarbeid og i tråd med Arbeidsmiljølova.

Underskrifter:

FHVO

NITO

DNJ

NPF

DNLF/OF

FO

DNLF/YLF

Maskinistforbundet

Utd.Forb

NFF

NRF

NETF

Fagforbundet

Delta

NSF

Akademikerforbundet

Arve Varden